

Nyhetsbrev 2023 13

Oktober 2023

Tema: Søknad om produksjonstilskot og avløyartilskot.

Dette skrivet handler om enkeltpunkt i søknaden der vi ofte finn feil eller får spørsmål.

Areal som omsøkes må være i drift

Nye flybilder i april 2023 har medført mange endringar i gardskarta dette året. Sjå derfor nøye gjennom gardskarta på dei eigedomane du brukar jord, og retta arealtala i søknaden der det trengs.

Hugs at arealet må vera i aktiv drift for å få tilskot. Areal som har vore ute av drift heile sesongen og du ikkje har hausta noko avling av, skal førast i kode 292/293 – **areal ute av drift**. Dette gjeld typisk for areal som er under nydyrking eller grøfting, eller areal som er for blaute til å drivast.

Korn er bare korn når det skiljast frå akset

I arealgruppa «Korn og anna frø til modning», er det berre areal som er blitt hausta med skurtreskjar som skal førast opp. **Kornet må skiljast frå akset** for at ein skal få arealtilskot til korn. Heilsæd og anna areal med korn som vert hausta med anna utstyr enn skurtreskjar skal førast opp i kode 213 – andre grovfôrvekstar. Ved avlingssvikt på kornareal – spør kommunen korleis det skal søkjast.

Kyr er bare kyr når de har hatt kalv innafor de siste 15 månadene

Vær nøye med å telje dyra 1. oktober. Ein bør ikkje berre bruke husdyrregisteret. Hugs at **mjølkekyr og ammekyr må ha kalva i løpet av dei siste 15 månadene** for at dei kan førast opp som kyr. Kyr som ikkje har kalva etter 1. juli 2022 skal førast som øvrige storfe.

Beitetilskot forutsetter at minst 50 % av fôret er beitegras

For vanleg beitetilskot: Før opp berre dei **enkeltdyra** som har gått **minst 16 veker** på beite **og** der minst halvparten av grovfôret er beitegras. Dyr som ikkje oppfyller begge desse vilkåra skal ikkje førast opp. Ein detaljert beitejournal er til god hjelp for å finna dyra som oppfyller

vilkåra for tilskot. Ver obs på dyr som vert slakta før dei har gått 16 veker på beite og kalvar født om sommaren. Desse dyra har ikkje oppfylt kravet til beitetid.

For utmarksbeite: Før opp dyra som har gått **minst 5 veker** på utmarksbeite **og** der minst halvparten av grovfôret er beitegras frå utmark. Utmarksbeite er ugjødsla og ukultivert beite, for eksempel heiebeite for sau. Sjekk gardskartet på eigedomen dyra går på viss du er usikker på om beitet er utmarksbeite eller innmarksbeite.

Dyr som oppfyller kravet til begge beitetilskota kan førast opp begge plassar i søknaden.

Du kan bruka denne linken for å søkje. Der ligg og rettleiing og rundskriv som er aktuelle.

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/produksjonstilskudd-og-avlosertilskudd-i-jordbruket/>

Bruk kommentarfeltet i søknadsskjema for å skriva meldingar til oss om ting i søknaden du er usikker på. Skriv også opp kor dyra har gått på utmarksbeite. Dette vil vera til hjelp når vi skal handsama søknaden din.

På landbruksdirektoratets side kan du og gå inn og lese og få opp linken til søknadsskjemaet. [Produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket - Landbruksdirektoratet](#)

Ring oss om du står fast eller får feilmeldingar du ikkje finn ut av.